



Foto: Magne Sandnes

– Eg byrja med å vere opptatt av rettferdigheit, og deretter byrja eg på legestudiet. Ein har mange moglegheiter til å påverke fordelingsspørsmål og global helse som lege, seier **Kristine Husøy Onarheim**, som er stipendiat ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin. Ho beskriv seg sjølv som noko midt mellom ein forskar og ein forkjempar. Kvart år dør det like mange nyfødde i Etiopia i løpet av første månad som vert fødd i Noreg totalt, og Kristine vil strekke seg langt for å kunne utgjere ein forskjell.